



KYSTVERKET

Vest

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2019/2585-3

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:

16.07.2019

Uttale til planprogram for KPD for Sambandet Vest – Meland kommune m.fl. – Hordaland fylke.

Syner til brev av 18.6.2019 med planprogram for kommunedelplan for Samband Vest.

Føremålet med kommunedelplanen er å velje trase for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy.

Samband Vest har trekt ut ferjesambandet mellom Øygarden og Askøy frå prosjektet i denne omgang.

Sambandet omfattar bru frå Askøy til Holsnøy over Herdlefjorden, og bru frå Holsnøy til Radøy over Radfjorden. Kystverket har tidlegare vore i dialog med Multiconsult, og gitt uttale den 2.1.2014 med krav om seglingshøgde for desse fjordkryssingane. Vi ser at det er tatt med i planprogrammet under kap. 5.7 Teknisk gjennomføring.

Eksisterande bru over Haglsund, mellom Flatøy og Knarvik, har ei seglingshøgde på 50 meter. Denne høgda vert førande for ny bru over Radfjorden/Bognestraumen.

Herdlefjorden er einaste fjord utan bruer i innseglinga til Bergen. For bru over Herdlefjorden må ein regne med krav om høg seglingshøgde.

Det er og viktig med størst mogleg horisontal klaring (seilløp) for trygg ferdsel for passerande fartøy.

Til orientering kan ein finne informasjon om til dømes farleier og navigasjonsinstallasjonar på Kystverket si kartteneste Kystinfo.no, og statistikk over skipstrafikken på Kystdatahuset.no.

Kystverket stiller seg til rådigheit i den vidare planlegginga.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

